

REFERAT MØTE 12/18 – FYLKESVEGRÅDET

Møtedato: 08.11.18 Tid: 08.30-12.00 Møtestad: Fylkeshuset

Møteleiar: Håkon Rasmussen Arkivsak Off. lova:

Referent: Jon-Rune Smørstad Ref. dato:

Deltakarar: Frå Statens vegvesen (SVV): Håvard Mørch Hunskaar, Kari Beate Rong, Beate Mæsel, Carl Erik Nielsen, Hilde Furseth (sak 2), Tone Høyland Stople (sak 3) og Knut Helge Olsen (sak 4 og 5)

Frå Hordaland fylkeskommune (HFK): Håkon Rasmussen, John Martin Jacobsen, Nils Vetlesand, Rolf Rosenlund, Torill Klinker, Jon-Rune Smørstad, Bente Utne, Matti Torgersen

Fråvære: Grethe Vikane og Hans-Christian Engum

Kopi til: Ingrid Holm Svendsen og Solveig Hollund

Godkjenning av innkalling og saksliste:

Sak og Furebergfossen bru vart lagt til under «Ymse». Innkalling og saksliste vart elles godkjent.

Godkjenning av referat frå førre møte:

Referatet frå førre møta 27.09.18 og 18.10.18 vart godkjent.

1. Brekka i Tofte - presentasjon av geoteknisk vurderingsrapport, SVV v/Carl Erik Nielsen

Rapporten viser at det er utfordrande og kostbart å gjennomføre planlagt tiltak langs Fv 544 Tofte, Halsnøy. Det er i hovudsak områdestabiliteten som er ei utfordring. Arbeidet skal, dersom det vert realisert, utførast i ei bratt skråning med kvikkleire og dårlig stabilitet, noko som inneber ein risiko som må handterast. Tiltaka for å kunne betre områdestabiliteten er omfattande og vil få innverknad på nærmiljøet ved at eigedomar må løysast inn og ein vil få ei visuell endring av landskapet. Eit grovt estimert anslag for stabilisering av massane ligg på 50 - 75 millionar NOK eks.mva. Kostnader til oppbygging av veg vil koma i tillegg. Såframt ein ikkje skal byggja/gjera inngrep i dagens fylkesveg, er konklusjonen at massane ligg i ro, og tiltak er ikkje nødvendige.

Konklusjonen til Fylkesvegrådet er at ein tilrår at det ikkje vert bygd i samsvar med reguleringsplanen, men at ein ser andre tiltak for å sikre dei mjuke trafikantane.

Sak om delvis bompengefinansiering for fylkesvegprosjekt i Kvinnherad (Kvinnheradpakken) vil bli lagt fram som politisk sak i desember 2018 og tiltak på fv. 544 Sæbøvik – Eidsvik – Tofte er eit prosjekt som er inkludert i pakken. Det er viktig å vere klar over at det kan vere utfordrande grunnforhold også i andre stadar i Kvinnherad som ligg under marin grense.



Til orientering er Kathrine Løno Lahlum tilsett som prosjektleiar for Kvinnheradpakken.

Oppfølging: SVV tar kontakt med Kvinnherad kommune for å informere om geoteknisk vurderingsrapport, tilrådingane frå Fylkesvegårdet og vurdere om det er andre TS-tiltak for å sikre dei mjuke trafikantane.

2. Status og framdrift Hjellestadvegen, SVV v/Hilde Furseth

Prosjektleiar Hilde Furseth informerte om status, utfordrande grunnforhold, masseutskifting og noko forseinka framdrift.

Oppfølging: SVV må få oversikt over auka omfang på masseutskifting med oppdaterte kostnadstal, totalprognose og usikkerheitsvurdering.

3. Byutgreiing, Bergen trinn II, SVV v/Tone Høyland Stople

Trinn 2 skal vere grunnlag for innspel til NTP 2022-2033 og ta med konsekvensar for utviding av avtaleområdet. Følgjande kommunar skal inngå i analysane: Bergen, Fjell, Sund, Øygarden, Lindås, Radøy, Meland, Os, Fusa og Askøy.

Ambisjonsnivå; utdrag frå det som står i oppdraget:

«

Utvikling av nullvekstmålet fra nullvekst til redusert persontransport med bil

Bergen kommune har ambisjoner om en større reduksjon i biltrafikken enn nullvekstmålet.

Areal: erfaringer med å definere bestemte utviklingsområder i kommuneplanen

«

Grunnlag for kartleggingsarbeidet og utrekning av effekt av ulike tiltak vart presentert;

- sentralisert arealutvikling
- auka bompenger takstar eller gjennom vegprising
- bompengar på alle innfartsårene
- parkeringsrestriksjonar
- auka kollektivfrekvens og pris på kollektiv
- tiltak som betrar forhold for kollektiv, gange og sykkel
- informasjon og haldningsarbeid
- kapasitet på innfartsparkering
- nye båtruter

Ut frå berekningar som er gjort er konklusjonen at ingen tiltak aleine vil gje nullvekst i persontransport med bil, så ulike tiltak nemnt ovanfor må kombinerast. Til dømes kan ei dobling av bompenger takstar/vegprising, kombinert med restriktiv parkering og supplert med forbetring av kollektiv, gange og sykkel føre til at ein kan nå målet.



4. Status og vegen vidare for prosjekt som gjeld utfordringar knytt til drift og vedlikehald G/S-vegar

I Fylkesvegrådmøte 10.01.18 vart det orientert om bakgrunn for arbeidet, utkast til mandat for arbeidsgruppa og samansetning. Mandatet vart fastsett i samhandlingsmøte mellom Samferdselsavdelinga (HFK), Bymiljøetaten og SVV vinter 2018.

Mål med arbeidet:

- Å presentere status for dagens situasjon når det gjeld drift og vedlikehald av gang- og sykkelvegar i Bergen
- Presentere forslag til tiltak som kan sikre god kvalitet på drift og vedlikehald av gang- og sykkelvegar i Bergen.
- Redusere/fjerne standardsprang på drift og vedlikehald på samanhengande sykkelruter - samordning av standard.
- Legge grunnlaget for å kunne rydde i eigarforhold og ansvar på G/S vegar gjennom omklassifisering

Kort om bakgrunn:

Bymiljøetaten i Bergen kommune, vegseksjonen i Hordaland fylkeskommune og representantar frå Statens vegvesen har gjennom året samhandlingsmøte, der det vert drøfta operative problemstillingar knytt til vegnettet i Bergen, uavhengig av vegeigar. I samhandlingsmøte 15.12.2017 vart det konkretisert eit behov for å samarbeide betre når det gjeld drift og vedlikehald av gang- og sykkelvegar i Bergensområdet.

Samansetning av arbeidsgruppe:

- Bergen kommune: Svein Arne Langeland, Alf Kåre Birkeland og Andrew Keith
- Hordaland fylkeskommune: Even Vaular (prosjektleiar) og Jon-Rune Smørstad
- Statens vegvesen: Håkon Toverud, Reidun Instanes og Mats Korneliussen

Fleire GIS-rådgjevarar frå Bergen kommune, SVV og HFK har i tillegg vore involvert i prosjektet.

Det har tatt lang tid å få gjort nødvendige registreringar av kritiske punkt eller strekningar på gang- og sykkelvegar på digitalt kartgrunnlag og skrive inn kva tiltak som kan vere aktuelle for å betre situasjonen. For å kome i mål vart prosjektet i mai 2018 avgrensa til i fyrste omgang å omhandla hovud- og bydelssykkelrutenettet i Bergen.

Det er viktig no å få sluttført resten av registreringsarbeidet, gjort nødvendige vurderingar på tiltak og skrive ein rapport. Målet er å få ferdig ein rapport rundt årsskiftet 2018/2019.

Oppfølging: SVV tar ein runde internt for å avklare korleis ein kan få sluttført registreringsarbeidet. Prosjektleiar kallar inn til nytt møte for å gå gjennom registreringane som er gjort og avklare innhald i rapport inkl. tiltak ein skal foreslå.

5. Driftskontraktar – framdriftsplan for utlysing av driftskontraktar og politisk sak i forkant. Orientering om status i forhold til moglege overgangsordningar etter 2020.

Retningslinjer for overgangsordningar for driftskontraktar vert avklart frå sentralt hald, så dette er ikkje noko vi skal drøfte og avklare for Hordaland på noverande tidspunkt.

Fylkeskommunane har signalisert at dei ikkje har apparat på plass for å kunne følgje opp alle driftskontraktar frå og med 01.01.2020, så ein form for overgangsordningar må avklarast slik at fylkesvegane vert drifta og vedlikehalde på ein tilfredsstillande måte.



Inntil noko anna er bestemt må utlysing og oppfølging av kontraktane følgje dagens prosedyrar i Hordaland. Det vil mellom anna seie at fylkesrådmannen må legge fram politisk sak i MISA og fylkesutvalet for å avklare driftsnivå i kontrakt som skal lysast ut. Utlysningstidspunkt må tilpassast i forhold til når kontraktsperioden går ut.

Status for dei neste kontraktane som står for tur for utlysing:

- Nordhordland (DK 1203): opsjon er brukt og kontrakt går fram til august 2019. Driftsnivå er avklart i politisk sak - vart vedteke å oppretthalde dagens standard. Utlysningstidspunkt må avklarast for å sikre at ein har avtale på plass når kontraktsperioden utgår.
- Stord (DK 1207): kontraktsperiode fram til august 2019. Det er ikkje lagt fram politisk sak.
- Voss (DK 1205): kontraktsperiode fram til august 2019. Det er ikkje lagt fram politisk sak.

Fylkeskommunen har 2. nov. mottatt grunnlagsdokument frå SVV for kontraktsområde Voss og Stord, som skal følgje politisk sak for avklaring av driftsnivå. Samferdselsavdelinga vil med utgangspunkt i dette skrive politisk sak. Ut frå gjeldande skrivefristar rekk ein ikkje å legge fram sak på dette før i januar 2019 (MISA 16. jan. og FU 31. jan.)

Utlysningstidspunkt må avklarast av SVV. I grunnlagsdokumenta står det at SVV legg opp til utlysing i løpet av hausten 2018. Dette bør korrigeras og ny versjon sendast over til Samferdselsavdelinga, sidan det ikkje vert utlyst kontraktar i løpet av hausten.

I grunnlagsdokumenta har SVV tatt utgangspunkt i føringar som er gitt for driftsnivå og moglege innsparinger i vedtatt strategi for drifts- og vedlikehald des. 2016.

Ansvar, finansiering og driftsnivå av ulike typar turistveganlegg/rasteplassar må avklarast nærmere. Det har vore utfordringar å få til gode nok ordningar med dagens organisering og kapasitet på anlegga. Hordaland fylkeskommune vil ta initiativ til å avklare saka med reiselivsnæringa, kommunane og SVV, og med mål om å finne betre løysingar enn i dag. Konkurransegrunnlaget for Voss området må vere formulert slik at det er mogleg å trekke ut delar av drift av turistveganlegg/rasteplassar dersom ein vel å sette bort drift av nokre av anlegga til andre. SVV sjekkar dette ut med sine fagfolk.

SVV kan halde ein ny presentasjon for Fylkesvegrådet på nyåret der ein presenterer nærmere kartgrunnlag og konkurransegrunnlag.

Oppfølging: Det vert lagt fram politisk sak for å avklare driftsnivå for kontraktane for Voss og Stord i januar 2019. SVV må avklare utlysningstidspunkt mot når kontraktsperioden går ut, for å sikre at drift og vedlikehald av fylkesvegane vert ivaretake.

6. Regionreforma/sams vegadministrasjon – siste nytt

Etter planen blir det informert om kven som vert fylkesdirektørar i nye Vestland fylkeskommune rundt 20. nov. I midten av desember vert tilrådd overordna organisering presentert. Då veit ein meir om korleis oppdeling i seksjonar og organiseringa generelt er tenkt under fylkesdirektørane. Utover vinter og vår startar innplassering av leiarar og tilsette.



7. Orientere om program for fagdag om rekkefølgjekrav og utbyggingsavtaler, 10. des. 2018

Det er planlagt å arrangere ein fagdag om rekkefølgjekrav og utbyggingsavtaler den 10. desember 2018. Målgruppa er først og fremst eigne tilsette i HFK og SVV som ønskjer fagleg erfaringsutveksling og moglegheit til å drøfte viktige problemstillingar innanfor temaet. Må sjekke ut om tilsette frå Regionalavdelinga bør/kan delta. Det er tenkt å legge fram nokre eksempel frå enkelte kommunar og då vil representantar frå kommunane dette gjeld verte invitert. Målet er kompetanseutvikling og få til betre samordning mellom SVV, HFK og kommunane.

Nokre punkt i program som er skissert:

- Generell informasjon om rekkefølgjekrav og juridisk ramme i PBL
- Rekkefølgjekrav og utbyggingsavtaler i Bergen kommune i plan- og utbyggingsfase m/eksempel
- Når og korleis det stillast rekkefølgjekrav frå SVV?
- Seie noko om gjennomføringsavtaler
- Gå gjennom nokre konkrete eksempel
- Oppsummering og diskusjon

8. Investeringsprogram for fylkesvegnettet – status og vidare handsaming etter orientering i MISA 7. nov.

Forslag til Investeringsprogram vart presentert i MISA 7. november og det vert lagt opp til følgjande politisk handsaming:

- FTU 27. nov
- MISA 28. nov.
- FUV 6. des.
- FT 11.-12. des.

9. Ymse

Furebergfossen bru; etter innkomne tilbod og gjennomført byggherreoverslag reknar ein med totalkostnad på 72 mill. kr (inkl. mva). Dette er 15 mill. kr over tidlegare kalkyle, men gjennomføring skal halde fram som planlagt. Oppdatert anslag vert opplyst om i politisk sak om Kvinnheradspakken i fylkestinget i desember.

Oversikt over nye politiske vedtak/bestillingar som SVV skal følgje opp eller vere orientert om er sendt ut i eigen e-post.